

Thorleif Rødland  
Stranda 926  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6470 - 21/55519

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
26.08.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 10/4 Rødland

Tiltak: etablering av slipp til naust  
Byggjestad: Gbnr: 10/4  
Tiltakshavar: Thorleif Rødland  
Ansvarleg søker: Thorleif Rødland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.07.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er planlagt å utførast på gbnr. 10/1-6 som er et sameige kor tiltakshavar er medeigar. Det må vera med ein privatrettsleg erklæring til å utføre tiltaket på nemnte grunneigedommen frå øvrige medeigarane i sameiget.
2. Gjenpart av nabovarsel må leggjast ved søknad slik at vi kan vite kva det blei varsla om. Søknaden er sendt inn til kommunen før fristen for nabovarsel er gått ut. Vi ber om at dykk opplyse om det er komme inn merknader til tiltaket.
3. Situasjonskart må være målsett og vise størrelsen på tiltaket. Kommunen legg til grunn at tiltaket er unнатake sakshandsaming etter pbl § 20-1 og SAK10 § 4-1, men tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet. Vi gjer for ordens skuld merksam på at dykk må avklare med Bergen Hamn om det er naudsynt med løyve etter hamne- og farvasslova.
4. Naustet ligger i et LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemد basert på ressursgrunnlaget på garden. Tiltaket det søkjast om omfattast ikkje av arealformålet, tiltakshavar må difor søke om og grunngi dispensasjon frå dette. Vi gjer oppmerksam på at dispensasjonar må nabovarslas.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjaren om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Dispensasjon  
Situasjonsplan  
Nabovarsel innhold og varslingsmåter

### **Mottakarar:**

Thorleif Rødland	Stranda 926	5993	OSTEREIDET
Thorleif Rødland	Stranda 926	5993	OSTEREIDET